

Dagskonferanse tysdag 19. november 2013:

## Vestlandet i Europa: prosjekt- og finansieringsmulegheiter etter 2014

Sett av datoen!



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



**1. januar 2014 startar ein ny sjuårig budsjettperiode i EU, og ein ny programperiode for dei aller fleste europeiske samarbeidsprogramma. Kva betyr det for norske aktørar og kva kan Vestlandet oppnå ved deltaking?**

Dette arrangementet vil ha fokus på mulegheiter for prosjektfinansiering. Deltakarane vil få oppdatert informasjon om trendar og tematiske prioriteringar innanfor dei relevante programma for Vestlandet.

Sjølv om ikkje alle programma vil vere endeleg vedtekne på dette tidspunktet, vil likevel representantar frå Kommunal- og Regionaldepartementet, samt dei nasjonale kontaktpunkta for dei ulike programma, kunne gje informasjon om kva for tema og mulegheiter for samarbeid som vil kome. Hovudfokus vil ligge på Interreg-program som til dømes Nordleg Periferi-, Nordsjø- og Østersjø-programmet

Vi vil og presentere suksesshistorier frå den inneverande programperioden for å illustrere kven som kan involverast og kva prosjekta kan oppnå Vi håpar at dette vil motivere interesserte aktørar og partnerar.

Det vil bli sett av god tid til å stille spørsmål og til å diskutere med andre deltakarar frå regionen.

**Målgruppa** for konferansen er politikarar og andre representantar frå lokale og regionale styresmakter, utdannings- og forskingsinstitusjonar, organisasjonar og andre prosjektpartnerar frå Vestlandet.

**Tid:** Tysdag 19. november 2013, kl. 09.30-15.00

**Stad:** Hotell Augustin, Bergen



Europa i min region  
2013

**Invitasjon** med detaljert program og påmeldingsinformasjon vil bli sendt ut i oktober.

Arrangementet vil vere Vest-Noreg sitt bidrag til den europeiske møteserien *Europa i min region*, knytt til EU si regionmønstring OPEN DAYS som finn stad i oktober kvart år, og gjennførast i samarbeid med Vest-Norges Brusselkontor.



Vest-Norges Brusselkontor